

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 9/2007

Møtedato: 17.1.07

Arkiv nr:

Søknad om tilskot frå grunneigarfondet – sykkelprosjekt Vestre Slidre vestfjell

Søknaden gjeld vidareføring av prosjektet for satsing på sykkelturisme i Vestre Slidre vestfjell. Dette gjeld i hovudsak statsallmenningen. Bak prosjektet står Gomobu fjellstue, Nøsen fjellstue, Valdres Destinasjon og Vestre Slidre fjellstyre. Prosjektet vart starta i 2005 med målsetning å styrke sykkeltilbodet i fjellområdet for tilreisande og fastbuande. Prosjektet har hittil motteke lite støtte, men har vore vellykka ved stor eigeninnsats/betaling. Ca 70 skilt er sett opp, fasilitetar for sykkelturistane er utbetra på fjellstue, sykkelstigar er utbetra, sykkelbrosjyre er utarbeidd og ruteforslag er gjort tilgjengeleg. Turistnæringa har fått mange positive tilbakemeldingar på dei tiltak som er gjort.

Prosjektet skal førast vidare i 2007 med ytterlegare infrastrukturtiltak, regional samordning, marknadsføring og synleggjering. Det er eit budsjett på kr 242.000 for 2007 og det blir søkt om kr 30.000 i støtte frå grunneigarfondet.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Vedtak:

Fjellstyret ser svært positivt på tiltaket og tilrår at prosjektet får tilskot frå grunneigarfondet.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.1.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Sykkelprosjektet v/Audun Støren, 2918 Ulnes